

## Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

**Marthe Hammer** (SV) sette fram slikt forslag:

1. "Som innstillinga
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrka kollektivtilbod kan sikre at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget meiner at ei styrking av kollektivtilbodet er viktig. Fylkestinget vil difor at bompenginntekter skal bidra til drift av kollektivtransport.
5. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er.
6. Oversyn over køar, med berekningar for kostnadane knytta til forseiningar i kollektivtilbodet."

**Terje Kollbotn** (R) sette fram slikt forslag:

"Tilleggsforslag:

1. Hordaland fylkesting går inn for å avvikle anbod i kollektivtrafikken i Hordaland etter kvart som noverande kontraktar går ut. Målet er at kollektivtrafikken fullt ut skal vere eigd og drifta av fylkeskommunen.
2. Hordaland fylkesting ber administrasjonen legge fram eit forslag til venterom / varmestue med toalett på trafikk-knutepunktet på Seljestad.
3. Hordaland fylkesting går inn for at fylkespolitikarane so langt råd skal nytte kollektive reisemåtar i samband med politiske møter i Hordaland fylkeskommune."

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hammer sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 19 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag punkt 3 fekk 10 røyster (SV, MDG, V, R) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 20 røyster (H, Frp, R).

Hammer sitt forslag punkt 5 fekk 10 røyster (SV, MDG, V, R) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 6 fekk 10 røyster (SV, MDG, V, R) og fall.

Kollbotn sitt forslag punkt 1 fekk 4 røyster (R, SV) og fall.

Kollbotn sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 7 røyster (Frp).

Kollbotn sitt forslag punkt 3 fekk 10 røyster (R, SV, V, MDG) og fall.

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2016-2019 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
3. Fylkestinget meiner at ei styrking av kollektivtilbodet er viktig. Fylkestinget vil difor at bompenginntekter skal bidra til drift av kollektivtransport.

4. Hordaland fylkesting ber administrasjonen legge fram eit forslag til venterom / varmerom med toalett på trafikk-knutepunktet på Seljestad.